

Oppdatering og yrkesplanlegging



Kven passar kurset for?

Slit du psykisk, og har behov for tett oppfølging og tilrettelegging for å koma i jobb? Ynskjer du å jobba og vil ha rettleiing i korleis du meistrar arbeidskvardagen trass utfordringane dine? Då kan kurset Oppdatering og yrkesretteiing vera rett for deg.

Her vert kurset tilbode

Sparebank-bygget Sjoarvegen, 5590 Etne
Heiamyro 11, 5460 Husnes
Sæ 21, 5417 Stord

Kontakt

Har du spørsmål om kurset? Lurar du på om dette kurset kan vera noko for deg? Ta gjerne kontakt med oss for ein hyggeleg prat.

Kontaktperson: Otto Berg Olsen
otto.berg.olsen@joblearn.no / +47 977 80 454

Fagleg innhald

Målsetjinga med kurset er at du skal koma i jobb. Alle aktivitetane på kurset dreier seg om best mogleg tilrettelegging, oppfølging og opplæring for at du skal lukkast med dette målet.

Aktivitetar:

- Kartlegging av kompetanse
- Psykisk helse – læring, motivasjon og mestring
- Helse og livsstil
- Haldningar, rettar, plikter og forventingar i arbeidslivet
- Nettverksbygging og systemkompetanse
- Samfunn, arbeidsliv, helse og sosial fungering

I tillegg trening på munnleg og skriftleg egenpresentasjon: CV, søknad, telefontrening og intervjutrening.

Vi gjennomfører også sosiale aktivitetar i eit trygt miljø.

Kurset varer i 17 veker; 9 veker teori og 8 veker praksis. Dei første vekene varer samlingane i 2,5 time dagleg. Lengda aukar gradvis til 6 timar per dag. Etter at 17 veker kurs er over, held vi fram vidareoppfølging av deg mot løna arbeid.